

## Kriterium for Grønn framtid Innlandet, 2022

<b>Føremål</b>	Grønn framtid Innlandet er ei lågterskelordning som skal mobilisere til å <ul style="list-style-type: none"><li>• Skapa nye, grønne arbeidsplassar i Innlandet</li><li>• Fremje verdiskaping samtidig som det gjev positiv effekt på klima og/eller miljø</li></ul>
<b>Kva kan det løyvast tilskot til?</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Utvikling av idéar som gjev god miljø- og/eller klimaeffekt samtidig som det er potensial for auka verdiskaping og sysselsetjing</li><li>• Tiltaket skal gje effekt for verdiskaping og sysselsetjing i Innlandet</li><li>• Idéen som skal utviklast bør vera ny i Innlandet, helst også nasjonalt, og gjerne internasjonalt</li></ul>
<b>Dette støttast ikkje:</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Ordinære driftskostnader</li><li>• Investeringar. Små investeringar som er nødvendige for å utvikle idéen kan likevel godkjennast</li><li>• Prosjekt som heilt klart fell inn under andre offentlege støtteordningar. Samfinansiering med kommunale næringsfond godtakast</li></ul>
<b>Kven kan søke?</b>	<p>Føretak som er registrerte og har hovudaktiviteten sin i Innlandet.</p> <p>Bedrifta som skal gjennomføre og få effekten av prosjektet må sjølv stå som søker (dvs. ikkje konsulentselskap el.l. som skal vera med og utvikle prosjektet).</p> <p>Søknader bør vurderast opp mot andre ordningar i verkemiddelapparatet før dei innvilgast støtte frå Grønn framtid. Grønn framtid skal vera eit supplement.</p>
<b>Prioritering av søknadene</b>	<p>Det er eit absolutt krav at idéen som skal utviklast må ha positiv verknad på klima og/eller miljø.</p> <p>Søknadene blir vurderte ut frå den totale moglege effekten på:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Miljø og/eller klima</li><li>• Innovasjonsgrad</li><li>• Verdiskaping</li><li>• Sysselsetjing</li></ul>
<b>Krav til søknaden</b>	<p>Kontaktopplysningar: Namn på føretaket, organisasjonsnummer og kontaktperson.</p> <p>Søklar må beskrive:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kva vil effekten på klima og/eller miljø vera?</li><li>• Kva er innovasjonsgraden, dvs. korleis skil prosjektet seg frå ting som er gjort tidlegare?</li><li>• Verdiskapingspotensialet</li></ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Mogleg sysselsetjingseffekt i bedrifta og moglege ringverknader</li> </ul> <p>Økonomi: Kostnadsbudsjett og finansieringsplan for prosjektet.</p> <p>Bedriftas eiga finansiering kan både vera eigeninnsats i form av timar og/eller finansiering i kroner.</p> <p>Maksimal timesats er 500 kr.</p> <p>Tidlegare tilskot: Tilskot som bedrifta har fått tildelt som bagatellmessig støtte i kalenderåret og dei to åra før (2019-21) må oppgjevast (tilskotsgjevar og -beløp).</p> <p><i>Dersom ei bedrift er del av eit konsern gjeld eigne reglar, og det blir da sendt ut eit eige skjema for utfylling dersom det blir tildelt tilskot.</i></p> <p>Ufullstendige søknader kan avvisast. Det same gjeld søknader som omfattar kostnader som ikkje kan godkjennast, t.d. når prosjektet bare omfattar investeringar.</p>
<b>Krav til rapportering</b>	<p>Det kan betalast ut forskot med inntil 50 % når prosjektet har starta opp.</p> <p>Status- og sluttrapportering med rekneskap skal sendast via <a href="http://regionalforvaltning.no">regionalforvaltning.no</a> innan fristen som står i tilsegnsbrevet.</p> <p>Utgifter og timar skal dokumenterast.</p>
<b>Max støttesats</b>	<p>Nystarta og etablerte bedrifter (inntil 5 år) kan tildelast 60 % tilskot av godkjente kostnader.</p> <p>Bedrifter eldre enn 5 år kan tildelast 50 % tilskot av godkjente kostnader.</p> <p>Maksimalt tilskotsbeløp er 300.000 kr.</p> <p>Tilskota blir tildelte med grunnlag i regelverket for bagatellmessig støtte.</p>
<b>Søknadsfristar</b>	Søknader blir behandla etter kvart som dei kjem inn.
<b>Kontaktpersoner</b>	<p>Patrick Bolliger, rådgjevar</p> <p>E-post: <a href="mailto:patbol@innlandetfylke.no">patbol@innlandetfylke.no</a>,</p> <p>Tlf. 968 00 556</p>
	<p>Randi Skaaraan, rådgjevar</p> <p>E-post: <a href="mailto:randi.skaaraan@innlandetfylke.no">randi.skaaraan@innlandetfylke.no</a></p> <p>Tlf. 482 73 980</p>